



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 5

MAI 1980

30. årgang

„Samfunnet av dei heilage“

Ved kvar gudsteneste sannar vi frå altaret at kyrkjelyden trur på samfunnet av dei heilage. Trua på dette samfunnet står jamsides med trua på ånden, syndsforlatinga og den eine universielle kyrkja. Det må tyde at det er tale om ein sers viktig truslekk, for i vedkjenninga er berre teke med det aller viktigaste.

Nett så høgt vurderte og dei første kristne dette åndens samfunn. «Dei heldt urikkeleg fast ved læra til apostlane, ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene». (Ap.gj. 2, 42). Var alle desse nådemidlar uundverleg for dei, då må dei vera det for oss og. Eller vågar vi å tru at vi veit meir om dette enn Gud sjølv som har gjeve oss dei?

Mennesketanken han vanskeleg analysere den åndelege maten vi får gjennom kvart einskilt av desse ymse nådemidla. Men det er sikkert at Gud her har noko å gjeva oss som er av vital verd for oss. Dersom vi ikkje brukar dei alle, lever vi på magrare kost enn Gud har vilja.

Trua sitt liv treng vel ikkje å døy av ein slik fatigkost, eller av «mangelsjukdomar» som fylgjer av han. Men det sterke, glade og sunne tros livet veks berre fram på grunnlag av fullverdig kost.

Dersom eg vert sitjande i lenestolen min eller stendig er på sundagstur, så kan eg ikkje venta at det heilage samfunnet vil

PINSESALME

Mel.: 'Vreden din arvend'

*Gud, du er ånd. Din herlegdom vi hyller!
Målsmannens mynde frelsesbodet fyller.
Pinsedags port til krossens løyndom leier.
Tvilaren teier.*

*Herlegdoms helg kvar sjel kan fegen fagna,
allstøtt ved høgtids von ditt folk kan hagna,
Bøy oss og bind oss! Ved din Heilag Ande
knyt kjærleiksbandet!*

*Skin frå ditt sete, sol og stjernes Fader!
Eld frå ditt altar kveik på kalde stader!
Elver av ånd frå fred og fridoms kjelde
vide ditt velde!*

*Sterk skal di kyrkje kjempa til det siste.
Gje du oss liv, ver du vårt hovud, Kriste!
Snart renn din dag. Då kjem du, ætters Frelsar!
Høgt vi deg helsar!*

Jostein Vestbø

fungera for meg ialfall. Eg lyt taka eit initiativ og normalt prøve å vera heilt personleg tilstades der truande menneskje samlast om Ordet, — lat det vera i den store eller den lille forsamlinga, i kyrkje eller bedehus, eller for den saks skuld der to eller tri er samla i hans namn.

Dette må vera det normale. Det treng ikkje føre til at vi gjer om eit nådemiddel til eit nytt slag «evangelisk» bodord som vi må halda for å tekkjast Gud. Å brukar nådemidlane er aldri å gjera Gud ei teneste, men sjølv verta tent av Han.



SLEKTERS GANG

Døpte



- ORKDAL:
03.04. Jan Arild Lillevik (d. i Stokk-sund k.)
20.04. Øystein Kvåle
Anders Gangås
Siv Iren Nyhus
Janne Snildal
01.05. Ingrid Lefstad
13.05. Gunvor Muller Lysholm
15.05. Erling Bjørkli
Gunnveig Gangås
Solveig Evjen

ORKLAND:

- 20.04. Kari Silset
Ingvild Mathisen
Marius Garberg
Erik Arli Ingebrigtsen

27.04. Hilde Hoston

ORKANGER:

- 27.04. Torger Kielland Jenssen
Toril Beate Bye
Irene Størseth Knutzen

GEITASTRAND:

- 20.04. Elin Magnussen

Vigde



- ORKDAL:
03.05. Dag Atle Lund og
Liv Elin Liaklev

ORKANGER:

- 10.04. Eivind Magne Vaagø og
Borgny Hagetrø (vigd hos sorenskr. i Orkdal)
12.04. Magne Mo og
Ellen Johanne Berg (Vigd i Børsa kirke)

For tru og tanke.

Det varande inntrykket av Gud som ein røyndom får menneskje oftast ved å møte levande kristne på sin veg, kristne som har den levande Gud i seg. Slikt vert ikkje gløymd og ber — om enn ofte seint, si frukt.

(Olfert Ricard) ..

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BEYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
RØHME

7300 Orkanger

Døde



- ORKDAL:
16.04. Magne Kristiansen f. 1910
Rolf Henry Hammer f. 1957

GEITASTRAND:

- 05.05. Anders Reitan f. 1907

ORKLAND:

- 11.04. Styrkar Asbøll f. 1915
09.04. Ida Lium f. 1894

ORKANGER:

- 10.04. Ludvik Østlund f. 1913
30.04. John Valter Solberg f. 1911

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Geitastrand menighet

Menighetens årsfest/
konfirmantfest

i Ofstad Bedehus torsdag 22. mai kl.
19.30. Tale, andakt, film og bevertning.
Vel møtt!

Ten-treff-tur

13. - 14. juni blir det overnattingstur
med tentreffungdommer fra Geita-
stranda. Nærmere beskjed vil bli gitt
senere.

Eldrekurs på Torshus

I tida 11. - 15. juni blir det eldrekurs
på Torshus. Dette er tredje året at
eit slikt kurs blir arrangert i vårt pro-
sti. Ifjor var det 73 deltakarar. Prog-
rammet i år blir omlag som i fjor.
Bibeltimar, foredrag om eldres pro-
blemer og rettigheter, og litt hobby-
verksemd og trim etter kvar sin lyst.
Kvar kveld er det hyggesamvær og
ein ettermiddag arrangeres felles tur
til Skaun gamle millomalderkyrkje og
til Husaby. Program kan ein få hjå
prestane og på Torshus.

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG
Tlf. 80 395

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Samling
om skaperverket

Redaksjonen har mottatt eit
opprop om skaperverket — som
redaktøren velger å sette på le-
derplass.

Gud skapte — og det var såre
godt. Også før mennesket kom
inn i bildet. . .

Naturen har egenverdi fordi
Gnd har skapt den - og ikke bare
fordi den er gavnlige for mennes-
ket. Den verdi som delene har,
går igjen i helheten i naturen.
Økologien forteller om en fint
sammensatt balanse, som ikke
må rokkes dersom livet skal be-
stå.

I dag lider naturen større over-
last enn noesinne. Mennesket
skalder og valter med den etter
eget forgodtbefinnende — iste-
denfor å forvalte den til Guds
ære og helhetens beste.

Som kristne bør vi besinne oss
på denne situasjon, siden vi som
mennesker er satt til å «dyrke
og vokte hagen». Mer enn noen-
gang er det nå nødvendig med en

Samling om skaperverket

Hensikten med dette oppropet
er ikke å skape noen ny natur-
vernorganisasjon. Vi ønsker å
samle vårt arbeid framover langs

to linjer: INFORMASJON og IN-
SPIRASJON. Omfanget vil av-
henge av den oppslutning vi får
på dette utspill.

Kirsti Birkeland, Oslo — Gunnar
Breivik, Oslo — Sigve Dagsland, Oslo
— Øyvind Dahl, Stavanger — Randi
Bojer Godal, Bærum — Nils Magnar
Grenstad, Bergen — Tor Grønvik,
Hurdal — Reidar Halgunset, Orkdal —
Eva Forsell Halaas og Vidar Halaas,
Risøya — Hans Petter Hanssen, Rissa
— Alfred Hauge, Stavanger — Inger
Heiberg, Bærum — Astri Hognestad,
Oslo — Tor Holtan-Hartwig, Oslo —
Jostein Landrø, Berkåk — Roy Nord-
bakke, Alta — Harald Olsen, Bø i
Telemark — Odd Osnes, Stavern —
Hans Eivind Riise, Oslo — Knut Gun-
nar Sellevold, Hjelmeland — Axel
Smith, Asker — Knut E. Sparre, Oslo
— Ole Jakob Stakkestad, Stokmarknes
— Lyder Johs. Verne, Finnsnes, —
Egil A. Wyller, Oslo — Oddvar Øiern,
Elverum — Sverre og Bodil Aalvik,
Alta — Hans Eirik Aarek, Ås.

Om du vil støtte dette initia-
tivet — kan bidrag sendes til:
«Samling om skaperverket, boks
91 — 7100 Rissa.
Postgirokto. nr. 5 84 98 64.
Bankgirokto. nr. 4213.20.27905.

Smått om mangt

Om organistars avlønning

Organistane er tilsette slik at dei
skal ha betalt av rekvirentane for å
spela ved vigsel og gravferd. Av prak-
tiske omsyn er det kommunekassen
som sender ut rekning for dette orga-
nistarbeid. Om nokon ønsker at orga-
nistane skal spela ekstra ved vigsel
eller gravferd f.eks. assistere ved solo-
opptreden eller spela ei tid før grav-
feda startar — så har dei krav på be-
taling etter faste satsar for slik med-
verknad. Sålangt det gjeld gravferd
er det gravbyrået som ordnar betaling
for denne ekstra medverknad.

Nyt orgel i Geitastrand?

Orglet i Geitastrand kyrkje var
gamalt og velbrukt da det kom til
Geitastrand. No er det ikkje blitt betre
med åra. Det er gissent og fuskar rett
som det er. Det er ei kjelde til stadige
overraskingar både for kyrkjelyd og
organist. No kastar soknepresten
fram tanken om ikkje tida er inne til å
tenkja på kjøpa eit nytt orgel til kyr-
kja. I prestegjeldet er geitastrandin-
gane kjent for å greie alt dei går inn
for. Sist vinter fekk dei istand bygde-
boka. Kanskje orgel kan bli det nye
felles-prosjekt?

Kristen vidaregåande skole i
Trøndelag

Skolen har no vore i drift i 2 år i
leigde lokaler. No reiser det seg skole-
bygg for 22.5 mill kroner oppe på
Heimdalsplatået. Av desse mill. må
det skaffes 5 mill. i eigenkapital. Enno
vantar mykje av den siste millionen.
Den må vera inne innan 1.9. For å
greie dette set skolen igang ein «bank
på aksjon» over heile Trøndelag og de-
ler av Møre og Nord-Norge. Denne ak-
sjon går av stabelen 9.6.

Eit bibelår med uvanleg rekord

Aldri har nordmenn kjøpt så mange
biblar som i 1979. Uventa var det vel
ikkje. Når Bibelen kjem i ny omset-
jing, vert det ny interesse omkring den
gamle boka. Det same har vi sett man-
ge gonger i ymse land.

Om lag 95.600 biblar selde Bibel-
selskapet i 1979. 86.000 av dei var i
ny omsetjing, anten på nynorsk eller
bokmål. Aldri i dei 164 åra sidan Bi-
belselskapet vart skipa, er det selt så

Kristen vekst?

Et år på Bakketun kan gi
vekst og modning - både
menneskelig og åndelig -
gjennom bl.a. ledertrening,
bibelgrupper og ulike
samvær

Vi har også et variert
undervisningstilbud:

- praktiske linjer
- sosiallinjer
- idrettslinje

Skriv eller ring etter
skoleplan fra

BAKKETUN
folkehøgskole

tlf. (076) 78 120 - 7650 Verdal

Kirkevergen – et ærverdig verv

Av prost H. Chr. Mamen

Kirkevergen er idag kjent som den daglig ansvarlige for kirkens og kirkegårdens drift. Kirkevergestillingen/vervet er eldre enn de fleste vet. Prost Mamen har gransket dette og gir i det etterfølgende inntrykk av hvordan kirkevergen har fungert gjennom tidene.

Kirkeverger har vi hatt siden midten av 1100-tallet. Bakgrunnen var riksmøtet i Nidaros der det ble besluttet at Norge skulle bli egen kirkeprovins med erkebispstol i St. Olavs by. Til gjengjeld vedtok man — og det ble siden stadfestet på hvert eneste lagting rundt om i landet — at ordningen med tiende skulle innføres. Tienden ble delt i 4: biskopen skulle ha en fjerdedel, sognekirken, sognepresten og de fattige skulle ha hver sin fjerdedel. Dessuten fikk folk — de som eide fast eiendom — lov til å gi bort til kirken inntil en fjerdedel av sin faste eiendom — uten hensyn til odel og odelskrav. På denne måten ble kirken økonomisk uavhengig. Når folk fulgte disse muligheter så rundhåndet, er det ikke bare snakk om maktbud, men et tegn på at middelalderkirkens lære om skjærsild og fortapelse og om himmeriks salighet var alment godtatt av folket. Det merkes også av diktingen i vår middelalder, slik som Draumkvedet. Det var for å farvalte endel av dette godset vi fikk kirkeverger.

Det gods som ble gitt til lokale kirkelige formål, ble delt i

2 deler, nemlig «mensa pastoris» — til prestegården og til prestens «bordhold» — og «fabrica ecclesiae», kirkehuset og dets drift og vedlikehold. Prestegården skulle presten administrere, men det gods som var til kirkens vedlikehold og drift skulle kirkevergen ta hånd om. Det var mye om å gjøre for folket at de to eiendommer ble holdt adskilt, og at prest og kirkeverge gjensidig kunne kontrollere hverandre. Ordningen var ikke spesiell for Norge, men felleskirkelig. Kirkevergen ble på latin kalt *tutor ecclesiae*, kirkens tutor. Han kalles ofte i middelalderen **ombudsmann** eller **kirkeombud**. Vi har bevart flere tilsettingsbrev som biskopen utferdiget. Disse hadde en fast formular: Biskopen hilser «alle menn som bygger og bor» i vedkommende kirkesogn og gjør kjent at han har gitt kirkeombudet til N.N. som skal ta imot og oppbære alle inntekter som kirken har, kirken til gagn og nytte og avlegge regnskap for biskopen.

Kirkevergen var personlig ansvarlig for den skade som kirken måtte lide hvis almuen ikke oppfylte sine forpliktelser med hensyn til tiende, landskyld for å bruke kirkens jord osv. I 1280 heter det at kirkevergen skal sørge for at kirken blir tjærebredd hvert 3dje år, en bestemmelse som ble gjentatt etter reformasjonen. Det var alltid en bygdemann som var kirkeverge, og han skulle være både forstandig og velstående. Det var mye arbeide som fulgte med, og derfor var vervet på åremål. Ved Kirkeordinansen av 1537 heter

det er hver sognekirke skal ha to kirkeverger, en praksis som var blitt vanlig allerede i senmiddelalderen. Nå skulle han oppnevnes av presten, men arbeide ble ikke endret før vi kom til 1720-årene da kirkene ble solgt til private eiere. Det nye var at kirken ikke lenger hadde noe gods som skulle administreres.

Etter Norsk Lov av 1685 var det Stiftsdireksjonen som skulle oppnevne kirkevergen, og det fulgte mange byrder med å ta et slikt verv. Biskop og prost på visitas skulle ha fri fortæring på prestegårdene på landet, men i kjøpsstedene hos kirkevergen. Dog kunne kirkevergen belaste utgiftene på kirkens regnskaper. U. A. Mozfeldt sier i sin Den norske Kirkeret (1844): Kirkeverge forestår kirkens regnskaper og økonomi, utteller dens utgifter og påser at den erholder sine inntekter, samt fører tilsyn med kirken selv, dens vedlikehold, eiendommer og inventar. I alle disse henseender står kirkens sogneprest sammen med kirkevergen, så de virker i forening. Dog er vel kirkevergen den som nærmest står for regnskap og ansvar.

I en rekke viktige saker var det dog «Kirkens Forsvar» — stiftsdireksjonen — som tok avgjørelsen. Ellers var kirkevergen med i Fattigkommisjonen, sammen med sognepresten helt siden Norsk Lov av 1685 og fremdeles i 1844. Men fattigvesenet ble ved midten av forrige århundre omorganisert og kirkevergen slapp dette vervet.

domsmiljø, ønsker de å gi nyttige og aktuelle undervisningstilbud. Et folkehøgskoleår kan bli et vokster-år, både menneskelig og åndelig sett. Vi vil derfor komme med ei oppfordring til foreldre og andre som leser disse linjer: Hjelp de unge til å få oppleve et år på en kristen folkehøgskole. Det vil ikke være bortkastet. De kristne folkehøgskolene åpner dørene for nye ungdomskull og sier:

Velkommen til høsten!

R. E.

mange biblar på eit år. Normalt ligg talet på om lag det halve.

Vi kan difor seia at vi har eit heilt uvanleg «Bibelår» attafor oss. Det mest gledelege er at Bibelen har vorte opna for nye lesarar, som før har tykt at bibelspråket er framandt og vanskeleg å skjona. Innhaldet er det same, men det er gjeve att på dagens norsk.

Etter rekord-året har nye biblar kome inn i mange tusen norske heimmar. Dei har kome for å bli lesne.

Trenger vi den kristne folkehøgskolen?

Mange vil svare et avgjort ja på spørsmålet i overskriften. De som selv har gått en kristen folkehøgskole, vet hvor stor betydning et slikt år kan ha. I et samfunn hvor kristen tro og kristen livsstil ser ut til å bli stadig mindre påaktet, trenger vi skoler som vil stå for et kristent livssyn. Samtidig som de kristne folkehøgskolene prøver å skape et godt, kristent ung-

Et alvorlig memento

Hvis ikke kristenfolket viser vei til kirke og bedehus, er det ingen andre til å gjøre det! Det påligger derfor den enkelte kristne, både for egen del og andres del, et stort ansvar. **TROEN KOMMER AV DET BUDSKAPET EN HØRER.** Rom 10, 17. Vi viser forøvrig til et lite utdrag av en lengre artikkel i Vårt Land, av redaktør Per Voksø:

Har man brukt fantasien litt og tenkt på hva som egentlig ville skje hvis de som selv regnet seg til den levende menighet, de som virkelig ville høre Kristus til, samlet seg til gudstjeneste hver søndag? Da ville de fleste kirker bli overfylte, og fellesskapet ville bli overveldende meningsfylt. Ja, det ville bli registrert som en sensasjon. Alminnelige folk ville begynne å snakke om de store ting som skjedde. Flere ville strømme til for å se på dette merkelige. Og så ville der også høyst sannsynlig begynne å skje underlige ting. Prestene ville helt sikkert preke bedre, liturgien ville sikkert fungere på en ny måte, ja man skal ikke helt utelukke at Den Hellige Ånd for alvor ville beskjefte seg med den norske kirke.

Fordobling av kirkesøkningen. Det trengs intet vedtak for å få det til, selv om noen påminnelser ikke ville skade. Men begynnelsen kan være at de kristne som leser dette, møttes til høymesse.

5. Per Asphjell fortel frå krigstida

I UTLEGD.

Grytidleg, ein morgon i midten av mars, vakna heile fengslet av høge komandokauk og tramp i tropper. Det var los — los —, schnell — schnell — overalt. Godt og vel eitt hundre mann skulle nå transport. Eg vart og henta ut av sella, fekk ryggsekken min med alt mitt eige, og vart jaga opp på ein stor sal. Her vart alle samla. Med mykje styr og ståk vart kvar mann opptald og oppskrive. Det synt seg at dei fleste kom beinast frå Grini. Det gjekk fort opp for meg at no skulle me sendas ut av landet. Så bar det vel til Tyskland likevel. Eg må vedgå det måta kleint med ei utanlandsferd i slike tider og under slike tilhøve.

Etter at me vart delt opp i høvelege flokkar, bar det ut i fri luft. Det var svarte natta enno, så me såg lite ikring oss. Me toga over vollane ned mot sjøen. Ferda gjekk millom to rekker av fullt væpna soldatar. Dei stod med 10 - 15 meters millomrom med ferdig gevær. Det blinka i hjelmane i nattmørkret. Det var ein lite hyggeleg morgontur. Nede ved kaia låg eit tysk transportskip, og i full fart vart vi jaga ombord. Da det lysna av dag, var me langt ute i Oslofjorden.

Ein kan vel med rette seia at no byrja eit nytt avsnitt av denne saga mi.

No gjekk ferda bort frå heimlandet og ut i det ukjente. Korleis var det, tru, å koma heim åt desse folka som hadde synt så mange låke sider, etter dei hertok landet vårt? I tidlegare år hadde eg sett stor pris på tyskarane og på tysk kultur. Dette landet hadde da fostra så mange ruvande menn som hadde gjort storverk, når det galdt både religion, filosofi, kunst og teknikk. Eg lydde ofte på tysk radio, og eg tykte alltid dei beste musikkprogramma kom derifrå. Etter eg lærte språk, las eg gjerne tyske bøker og blad. I milomkrigstida såg eg i det helle med blide augo på Tyskland, og eg kunne godt tenkt meg ein tur dit, om høvet baud seg. No hadde alt snudd seg. Dette folket hadde skjemt seg så grundig ut at det gjorde meg vondt langt inn i sinnet på deira vegne.

Det var ei farefull reise me hadde framfor oss. Me visste korleis det hadde gått med tyske båtar før på tur gjennom Skagerak. Båten var eit tropetranportskip, og det var ei mengd med Wehrmachtsoldatar ombord som skulle heim på perm. Over mastetoppane hang ein stor, pølseforma ballong og vogga i luftdraget. Ein slik skulle hindra allierte fly i å gå til næråtak. Det var stillt og pent ver med roleg sjø. Ombord fekk me gå omkring som me ville. Soldatane som me gjekk

saman med hadde oss sikkert under stendig oppsyn.

Da det vart full dag, og sola kom fram, gjekk eg meg ein tur på dekk. Eg ville finna ei roleg krå og lesa litt, ha ei andaktsstund for meg sjølv. Det stor fleire store kassar bortover dekket, og millom dei var det åpningar som laga små krær. Eg var litt lei meg, for eg fekk ikkje vera åleine. Det var ein annan sivilkledd kar som for og smatt på same staden. Sista på slo eg meg ned på eit kolli og fann fram Testamentet. Da var han brått attmed meg. Eg gløtta opp og møtte eit par spørjande augo. Litt brydd spurte han: «Er du ein kristen?» Da skjøna eg. Han hadde gått og gjett på meg. Han hadde vel sett at eg hadde Testamentet, eller at eg las for maten. Det vart ei gledes-stund for oss baa. Me såg det som ei Guds velsigning at me hadde funne kvarandre i denne ueinsarta hopen, der mange fordreiv tida med kortspel og vågalt snakk. Me kom i alle fall ikkje i samband med andre truande på heile turen. Han var ein av dei som kom frå Grini. Han var berre ung-guten, truleg omlag 20 år yngre enn meg, men me vart med ein gong sers gode vener. Det er rart med denne åndelege slektskapen det står om i songen som er sterkare enn «blodets bånd». Me heldt oss i lag på heile båt-turen, til vegane våre skiltes i Stettin.

Forts. neste nr.

Orkland menighet

Eldreturen

Onsdag 28. mai dreg vi på tur til Nordmøre med ein stor flokk eldre fra Orkland sogn. N.B. Avreisetidene er forandra: kl. 07.30 fra Solbu over Monsetjåren til Svorkmo. Avreise Svorkmo kl. 08.00. Hoston kl. 08.30. Egen buss fra Ljøkjel kl. 08.30.

Turen går til Surnadal der det blir kaffe og mat. Deretter til Tingvoll der det vert omvisning i Tingvollkirka og et spinneri og museum. Der får vi og middag. Tilbaketuren går om Straumsnes, Valsøyfjord, Vinjeøra, og over Hemnekjølen.

Speidertur

Vi avsluttar speideråret med bålkveld på Geitastranda fredag kveld 30. mai. Avreise med privatbilar fra Svorkmo Misjonshus kl. 17.00. Vi vil ha leiker, synge sammen og ha en kort andakt. Grilling av pølser på bålet.

Barnas Misjonsdager

Nesten ei heil veke vert alle skolebarn og førskolebarn engasjert i emnet misjon. Vi får besøk av en misjonær som vil ha timer på skolen og førskolen. Tirsdag 27. mai starter vi opp med informasjon. Og så skal alle skoleklasser lage en større montasje av ei misjonsmark i løpet av denne veke. Dei skal klippe ut. Dei skal tegne. Og dei skal skrive.

Laurdag 31. mai kl. 9.00

blir det stor kakeutlodning og tombola med mange gevinster på Svorkmo Handelssamlag. Vi får besøk av et musikkorps, N.M.S.-kvinneforeningane og andre har gjeve gevinstante. Inntekta av denne utlodninga går uavkorta til å skaffe barn i utviklingsland skolegang. Vi regner med at kvar klasse får minst ein elev som dei har ansvar for.

Søndag 1. juni kl. 11.00

Familiegudsteneste i Moe kirke

Ein misjonær vert med som talar. Det vert sang av 3 skoleklassar fra Arlivoll skole. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe på Misjonshuset. Der vil vi sjå på dei fine montasjane kvar skoleklasse har laga i løpet av veka. Det vert elles misjonsfilm.

Misjonssambandet har fest

på Svorkmo Misjonshus 2. pinsedag.

Røddelaget

Mandag 9. juni møte på Knausen (hytta til Brage Fagerli).

Vårliv

30. juni møte på Berghylla (hytta til John Fagerli).

Bibeltime

Onsdag 4. juni kl. 20.00 på Svorkmo Misjonshus. Tema: «Det daglege liv med Gud.» ved Bertel Aasen.

Eldres kirkedag

Søndag 22. juni i Moe kirke. Kirkekaffe etterpå. Vi regner med sangkrefter både i kirka og på Misjonshuset.

Santhansfeiring for heile familien

på Svorkmo. På skolenplassen. Det vert alsidig program. Kveldens spesielle gjest er ingen ringare enn Arne Grimstad som kjem attende til Svorkmo. Og denne gongen vert det barnetime for små og store. Det vert restaurant i kjellaren på Samfunnshuset. Bålet har vi ved elva. Orkdal Musikkorps vil spele til oss. Mette Lilleås og Anne Løkken fra Hoston vil underhalde oss. Også fotballkamp utenom det vanlige. Alle er velkomne. Ingen aldersgrense verken oppover eller nedover.

Arrangør: Familieutvalget i Orkland menighet.

Orkland Mannskor

held konsert i Moe kyrkje saman med Orkdal Ungdomskor torsd. 19. juni. Sjå nærmare kunngjering. Det vert andakt av Bertel Aasen.

Inge Eidhamar

kjem med barnekor frå Borgund og vil lage til ein sangkveld i Moe kyrkje torsdag 26. juni kl. 19.00. Truleg lagar vi til bålkveld etterpå.

Kontortider ved prestekontora Orkdal

Tirsdag kl. 16 - 18
Torsdag kl. 10 - 12
Fredag kl. 10 - 12

Orkanger, kapellet
Tirsdag kl. 17 - 19
Fredag kl. 11 - 13

Svorkmo
Torsdag kl. 10 - 12

Orkanger menighet

Eldretur til Oppdal 29.5.

Bussen går fra Folkets hus kl. 11.00 og stopper langs veien oppover. På Oppdal spiser vi middag på Stølen ungdomsenter. Deretter blir det omvisning og andakt i Oppdal kirke. Etter kaffe på Stølen går heimturen over Nerskogen. Pris for det hele blir kr. 60,—. Vil du være med så meld deg på til Ann-Elin Slettahjell, Bergljot Asbjørnslett eller Ellen Antonsen.

Orkanger Indremisjon

26.5. (2. pinsedag) kl. 20.00 blir det møte hos Slettahjell ved Toralf Aune. 12.6. kl. 20 — Bibeltime hos Oddveig og Harald Hukkelås. Audun Slettahjell har temaet: «Dommen og nyskapinga».

Orkdal menighet

Speidertur

Vi avsluttar speideråret med bålkveld på Geitastranda fredag kveld 30. mai. Avreise med privatbilar. Vi startar kvelden på Geitastranda kl. 17.45. Der vil vi ha leiker, synge sammen og ha en kort andakt. Grilling av pølser på bålet. Ta med pølser.

Bibellesning på Gjelme

I Bedehuset onsdag 21. mai kl. 20. ved Bertel Aasen.

Bibeltime

på Megården Bedehus torsdag 22. mai kl. 20.00 v.Gunnar Bonsaksen. Ta med Bibel.

Gospelkveld i Orkdal kirke

Fredag 30. mai kl. 20.00. Byneset Tenkor har hele kvelden. Andakt ved Audun Slettahjell.

Eldreturen

går til Bakketun Folkehøgskole, Verdalen. Start fra Sykehjemmet med buss kl. 8.00 torsdag 29. mai. På Bakketun blir det middag og kaffe. Vi besøker også Stiklestad med omvisning i Stiklestad kirke. Det blir flere stopp på turen. Pris kr. 70. Påmelding telef. 82 300.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

BARNETEIGEN

Fra imorgen er ingen ting leit lenger. Fra i morgen av skal alt være bare fint og godt. Alle mennesker skal være glade og friske. Ingen krig og sult skal det finnes mer.

Tenk om du fikk vite noe sånt idag — ville du blitt lykkelig da? — Om du fikk vite at idag er den siste dagen du blir ertet, den siste dagen du gjør kjedelige lekser, den siste dagen du får skjenn. I morgen er alle snille og vil være venner med deg. Alle vil gjerne låne bort lekene sine og ingen slåss mer. Ikke trenger du få skjenn heller, for du selv er også blitt bare snill. Jo, jeg er ganske sikker på at du ville blitt veldig glad om noen lovde deg noe slikt.

Nå skal jeg fortelle deg noe kjempefint. En gang skal det virkelig bli slik at alt er bare godt. Jeg vet ikke om det blir imorgen, om ett år eller om 100 år, men det spiller ingen rolle. Det som er viktig er at da skal alle som tror på Jesus, få være sammen med ham i himlen bestandig. Det kommer til å bli alle tiders, det. Fullt og fast kan vi stole på at det er sant. Gud lover det nemlig i sitt eget Ord, Bibelen.

Jeg er så glad for at Jesus har gjort det sånn at vi kan få komme til himlen! Er du? *Marit Skotvoll*

Mitt bibelord

Fil. 4, 6 - 7

Vær ikke bekymret for noe, men legg fram for Gud alt dere har på hjerte, i inderlig bønn og takk. Og Guds fred, som går over all forstand, skal bevare deres hjerter og tanker i Jesus Kristus.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.

Det er mange skriftsteder i Bibelen som har betydd mye for meg i mitt kristenliv, og disse versene fra Filipperbrevet er et av dem. Her har jeg ofte hentet hjelp og kraft når jeg har stått oppe i vanskelige situasjoner. Det er godt å vite at en kan legge fram for Gud alt det er har på hjertet, både de

små tingene, som en nesten ikke synes en kan bry Gud med, men også de som virker store og uoverkommelige for en selv. Gud bryr seg om oss, og vil vi skal ha et åpent forhold til han. Ved å leve nær Gud, vil vi få oppleve den freden som bare han kan gi.

Oddbjørg Holm

En hilsen fra søndagsskolebarna på Vormstad



Foran fra venstre: Inger Grete Blåsberg, Kari Ljøkjel, Britt Elin Blåsberg, Oddny Merete Bye, Gunn Eva Bye, Bente Høston.

Bak fra venstre: Håvard Bonde, Asbjørn Nyborg, Sindre Vegaard Ljøkelsøy, Geir Opøyen, Borghild Ljøkjel, Odd Arve Høston.


Bakerst: Ruth Helene Bonde og såvidtskimtes Eivind Bonde.

Heidi Ljøkjel var ikke til stede da bilde ble tatt. Ellers har oppmøte variert på fra 7 - 18 stykker. Vi har hatt søndagsskole en gang hver 14. dag, og annenhver gang hos Anny og Anders Bonde og Jorhild og Ola Ljøkjel. Det

er lokale som har vært og er det største problemet, men vi var så heldige og fikk komme heim til disse to familiene. Og det sier vi hjertelig takk for!

Hilsen Bente Høston.

I HIMLEN SKAL INGEN



VELKOMEN TIL KYRKJA

25.5. Pinsedag

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Den Norske Israelmisjon.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Sletthjell. Menighetsmøte — val på utsendingar til bisped.møtet. Offer til Menighetsfakultetet.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Bertel Aasen. Offer til sjømannsmisjonen.

— Geitastrand k. kl. 15. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon. Menighetsmøte til valg på utsendinger til bispedømmemøtet. Buss fra Råbygda.

1.6. 1. s. e. Pinse

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Sletthjell. Nattverd. Me-

nighetsmøte, val på utsendinger til bispedømmemøtet. Offer til Orkdal prostiråd.

— Moe k. kl. 11. Barnegudstj. v. res. kap. Bertel Aasen.

8.6. 2. s. e. Pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. misjonsprest Reidar Bjånes. Offer til NMS.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Prostrådets arbeid (eldrekurset). Buss frå Husdalen.

15.6. 3. s. e. Pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Sletthjell. Nattverd. Offer til prostrådets arbeid.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Indremisjonen.

22. 6. 4. s. e. Pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. «Eldres kyrkjedag». Offer til Menighetsarb. Nattverd.

— Kjørmoen grendstuggu kl. 11. Gudstj. møte v. kalls. kap. Sletthjell.

29.6. 5. s. e. Pinse

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Menighetsarbeidet. Nattverd.

6.7. 7. s. e. Pinse

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til Menighetsseminaret i Trondheim.

Bøn

*Eg lyfter opp til deg mitt trøytt auga,
du fader som i høge himmel bur.
A lat mi sjel i nådens ljøs seg lauga,
å, lat meg vita visst på kven eg trur.*

*Eg går så titt på snaue, aude vidder,
der skodda ligg så myrk og kald i kring
Det synest som det brått mot natta
līder,
i villa går eg rundt, rundt i ring.*

*A, Fader, leid meg ved din gode ande,
på livsens sine rette, sanne veg.
så eg ein gong kan nå til livsens lande,
i øvleg sæla vera der hjå deg.*

*I ordet ditt du vegen klårt har teikna,
så ikkje ein gong dåren treng gå vill.
Der stend: «Di synd eg vil kje på deg
rekna.*

For Jesu skuld eg deg tilgjeva vil.»

*For Jesu skuld, ja, det er rette
grunnen,
der syndaren kan kvila trygt sin fot.
Sjå skodda letnar, dagen klār er
runnen,
og fram eg går med nytt og freidig
mot.*

Olive Gjønnes

Gåver til bladet

7300 ORKANGER:

S. Asphjell 25. Kari og Anders Grimstad 20.

7310 GJØLME:

Ivar Bonvik 50. Almlī 20.

7320 FANNREM:

Ingrid Lysberg 50. Erling L. Solem 100. N. N. 50. Reidar Buan 20. Anders P. Kvaale 30 M. Grut 30.

7323 ASBJØRNSLETTET:

Johan Halsteinli 50.

7330 SVØRKMO:

Knut Liøkelsøy 25.

7374 GEITASTRAND:

Jan Leknes 20. Anton Kjørli 30.

UTANBYGDS:

Bjørg og Hans, Sildråpevegen 35 A, 7000 Trondheim, 20. Anne Løvås, 7080 Heimdal, 25. Andrea Tungen, Gartnerhaugv. 6 B, 7000 Trondheim, 20. Sum gåver i april kr. 585,—. Hjarteleg takk.

HELGAVAKT

24. - 25. mai Rogstad
31 mai - 1. juni Aasen
7. - 8. juni Rogstad
14. - 15. juni Sletthjell
21. - 22. juni Aasen
28. - 29. juni Aasen

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Harald Metliås, Einar
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-
hild Asphjell, Dagny Korsli,
Harald Hukkelås. Bankane. Alf-
hild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås
Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Gunerius Kjørn